

 <b>HORDALAND FYLKESKOMMUNE</b>	<b>Reglement for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval</b>			
Dokumenttype: <b>Reglement</b>	Godkjend av:	Gjeld frå:	Tal sider:	7
Utarbeidd av: <b>Ungdommens fylkesutval</b>	Godkjend dato:	Revidert dato:	Arkivsak:	

## § 1 Heimelsgrunnlag og formål

- 1.1 Gjennom Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal ungdom i Hordaland ha reell medverknad, kunne påverke politiske saker i fylket og auke ungdomens samfunnssengasjement. Vidare skal Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval stimulere til politiske engasjement samt få opplæring i og erfaring i demokratiske prosesser.
- 1.2 Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere eit høyrings- og rådgjevande organ i Hordaland fylkeskommune.
- 1.3 Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval kan sjølve ta opp saker dei ønskjer fremma med administrasjonen og/eller politiske organ i fylkeskommunen.

## § 2 Ungdommens fylkesting

- 2.1 Ungdommens fylkesting skal vere partipolitisk nøytralt. Representantane representerer kommunen sin og ikkje eit politisk parti.
- 2.2 Ungdommens fylkesting er opne for alle som er interessert.
- 2.3 Møter i Ungdommens fylkesutval er opne for alle som er interessert.
- 2.4 Ungdommens fylkesting skal ha ein årsmøtefunksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval, der Ungdommens fylkesutval rapporterer til Ungdommens fylkesting om sitt arbeid. Ungdommens fylkesting skal behandle fjarørets rekneskap, årsmelding og forslag til budsjett for kommande periode. Ungdommens fylkesting lagar eit Ungdommens planprogram for kva saker Ungdommens fylkesutval skal arbeide med det kommande året. Det er Ungdommens fylkesting som vel representantar til Ungdommens fylkesutval.
- 2.5 Ungdommens planprogram er det øvste politiske dokumentet. Formålet med, og oppbygginga av, Ungdommens planprogram er utdjupa i eit eige dokument. Oppstår det konflikt mellom Ungdommens planprogram og andre vedtak gjort i Ungdommens fylkesting eller Ungdommens fylkesutval, gjelder Ungdommens planprogram som Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval sin politikk. Utdjupingsdokumentet kan endrast ved 2/3 fleirtal på Ungdommens fylkesting.
- 2.6 Ungdommens fylkesutval avgjer deltakaravgifta for neste Ungdommens fylkesting.

### ***Samansetting***

- 2.7 Kvar kommune i Hordaland blir inviterte til å sende to frivillige og engasjerte representantar som delegatar til Ungdommens fylkesting. Representantane skal veljast frå ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre. I kommunar som ikkje har ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre bør kommunen sende 2 frivillige ungdommar til dømes frå elevråd eller liknande.
- 2.8 Ungdommens fylkesting skal bestå av ungdom mellom 15 og 20 år med tilknyting til fylket. Det vil seie at ein kan delta frå og med det kalenderåret ein fyller 15 år, og til og med det året ein fyller 20 år.
- 2.9 Ungdommens fylkesting skal så langt som råd ha kjønnsbalanse, og det bør også rekrutterast ungdom med minoritetsbakgrunn. Kommunane blir oppfordra til å sende ein gut og ei jente.
- 2.10 Alle medlemar og varamedlemar av Ungdommens fylkesutval er delegatar til Ungdommens fylkesting på lik linje med valde representantar frå kommunane. Medlemer og varamedlemer av Ungdommens fylkesutval representerer Ungdommens fylkesutval, og ikkje kommunen dei kjem frå.
- 2.11 Ungdommens fylkesutval kan invitere relevante organisasjonar og personar til Ungdommens fylkesting for å orientere i einskilde sakar.

### ***Møte***

- 2.13 Ungdommens fylkesting avhaldas ein gong i året og skal arrangerast innan utgangen av februar, så lenge Ungdommens fylkesutval ikkje bestemmer noko anna.
- 2.14 Dersom Ungdommens fylkesutval finn det nødvendig kan dei innkalle til ekstraordinært Ungdommens fylkesting.
- 2.15 Ungdommens fylkesutval kallar inn til Ungdommens fylkesting to månadar før Ungdommens fylkesting skal setjast.
- 2.16 Forslag til dagsorden, gjeldande vedtekter, gjeldande Ungdommens planprogram, Ungdommens fylkesutval sitt forslag til nytt Ungdommens planprogram, rekneskap og årsmelding skal vere representantane i hende seinast ti dagar før Ungdommens fylkesting skal setjast.
- 2.17 Ungdommens fylkesutval innstiller på Ungdommens planprogram, forretningsorden, møteleiarar, protokollsentrarar, protokollundersentrarar, redaksjonskomité og valkomité som så skal godkjennast av Ungdommens fylkesting.
- 2.18 Ungdomsråd og alle mellom 15 og 20 år i fylke kan melde inn saker til Ungdommens fylkesting. Saker skal meldast inn til Ungdommens fylkesutval seinast 5 veker før Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval bør m.a. bruke media for å nå ut til ungdomane i fylket.
- 2.19 Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal, med unntak av endringsforslag til vedtekten – da det blir gjort med 2/3 fleirtal. Ved stemmelikskap blir saka teken opp til omvotering, ved framleis stemmelikskap gjer leiaren av Ungdommens fylkesutval si røyst utslaget. Ungdommens fylkesting er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemane er tilstade.

- 2.20 På Ungdommens fylkesting bør det vere politisk og administrativ representasjon frå Hordaland fylkeskommune.
- 2.21 Dersom deltakarar bryt vedtekten til Ungdommens fylkesting, eller køyrrereglane vedtekne på Ungdommens fylkesting, kan dei bli heimsende etter vedtak i kontrollkomiteen.
- Komitear**
- 2.22 Ungdommens fylkesting vel valkomité på minimum tre personar etter innstilling frå Ungdommens fylkesutval. Desse kan veljast mellom avtropande medlem(er) av Ungdommens fylkesutval, representantar frå Ungdommens fylkesting som ikkje stiller til val, nokon som har særskild erfaring med arbeid i ein valkomité, ein person frå administrasjonen eller ein av dei politisk valde utsendingane frå fylkeskommunen. Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal ha minst halvparten av medlemane. Valkomiteen skal innstille på medlemer til Ungdommens fylkesutval og kontrollkomiteen. Valkomiteen kan ikkje innstille på sine eigne medlemmer i nokre av posisjonane.
- 2.23 Ungdommens fylkesting vel redaksjonskomite på tre personar etter innstilling frå Ungdommens fylkesutval. Komiteen har i oppgåve å innstille på kva saker som skal realitetsbehandlast, samt setje opp rekkefølgja til røystinga. Redaksjonskomiteen si innstilling til om sakar skal realitetsbehandlas kan endrast om ikkje 1/3 røystar imot det. Redaksjonskomiteen kan gjere mindre redaksjonelle endringar så lenge dette ikkje endrar innhaldet, dei skal også tilby forslagsstillaane hjelp med å finne eventuelle betre formuleringar. Redaksjonskomiteen kan skrive eigne forslag med same intensjon som forslag innsendt av delegatar, men i første rekke bør redaksjonskomiteen ha ein god dialog med forslagsstillaar.
- 2.24 Ungdommens fylkesting vel kontrollkomite på tre personar, fortrinnsvis eit avtropande medlem av Ungdommens fylkesutval, etter innstilling frå valkomiteen til Ungdommens fylkesting. Kontrollkomiteen skal ha ein kontrollerande funksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting. Kontrollkomiteen skal sjå til at arbeidet skjer innanfor den ramma som er sett av vedtekne dokument på Ungdommens fylkesting. Kontrollkomiteen har tale- og forslagsrett på Ungdommens fylkesting. Tale- og forslagsrett er avgrensa til komiteen sitt arbeidsområde.
- 2.25 Kontrollkomiteen er plikta til å ta opp saka på Ungdommens fylkesting dersom det oppstår tvil om korleis Ungdommens planprogram eller vedtekter skal forståast. Fram til Ungdommens fylkesting har behandla saka er det kontrollkomiteen si tolking som gjeld.
- 2.26 Ungdommens fylkesting kan sette ned andre komitear med andre mandat.

### § 3 Ungdommens fylkesutval

- 3.1 Ungdommens fylkesutval er Ungdommens fylkesting sitt arbeidande organ og skal følgje opp vedtak gjort i Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval har innstillingsrett ved Ungdommens fylkesting. I tillegg skal Ungdommens fylkesutval vere eit bindeledd mellom ungdom og Hordaland fylkeskommune.
- 3.2 Ungdommens fylkesutval skal drive aktiv lobbyverksemd overfor politiske styresmakter.

- 3.3 Ungdommens fylkesutval skal arrangere Ungdommens fylkesting og synleggjere Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting i media.

**Kontakt med kommunale ungdomsråd**

- 3.4 Ungdommens fylkesutval skal ha jamleg og god kontakt med lokale ungdomsråd/ungdommens kommunestyre. Ungdommens fylkesutval skal halde ungdomsråda oppdatert om aktuelle ungdomssaker i fylket og hjelpe ungdomsråd i vanskelige saker, ved oppstart og i eventuelle nedturar.

**Samansetting**

- 3.5 Medlemene av Ungdommens fylkesutval skal veljast frå delegatane på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval skal bestå av ungdom mellom 15 og 20 år som har tilknyting til fylket i den aktuelle valperioden. Ein person som fyller 21 år det året Ungdommens fylkesting vert halde kan dermed ikkje stille til val. Ein person som fyller 20 år kan ikkje bli vald til eit toårig verv.

- 3.6 Ungdommens fylkesting vel sju medlemer til Ungdommens fylkesutval, det blir i tillegg valt fem varamedlemar. Kvart år vert leiar og nestleiar vald for eitt år, tre medlemer vald for eitt år og to medlemer for to år. Vara blir valde for eitt år og rangeringa blir gjort på Ungdommens fylkesting. I ekstraordinære høve kan Ungdommens fylkesutval konstituere ny leiar og nestleiar frå faste medlemer av Ungdommens fylkesutval.

- 3.7 Alle medlemmar i Ungdommens fylkesutval blir valde ved personval på Ungdommens fylkesting.

- 3.8 Det skal vere ei balansert samansetjing frå by og distrikt. Valkomiteen skal også ta omsyn til alder, eigenskapar, geografisk spreiing og kontinuitet når dei legg fram innstillinga si. Desse regelane kan sjåast bort i frå med 2/3 fleirtal. Kjønnsbalansen skal vere i høve til likestillingslova som seier at i utval med seks til åtte medlemer skal kvar kjønn vere representert med minst tre, og når det gjeld dei fem varamedlemene skal kvart kjønn vere representert med to. Ungdommens fylkesutval skal vere partipolitisk nøytralt.

- 3.9 Ungdommens fylkesutval fordeler mellom sine medlemer ansvar for intern koordinering av si saksbehandling opp mot fylkeskommunen sine ulike avdelingar og politiske utval.

- 3.10 Ungdommens fylkesutval kan sette ned komitear ved behov.

- 3.11 Ved fråfall frå ein fast medlem av Ungdommens fylkesutval blir først vara nummer 1 spurt om å stille, om ikkje vedkommande kan stille blir nummer 2 spurt osv.

**Møte**

- 3.12 Ungdommens fylkesutval fastset sjølv møteplan.

- 3.13 Leiar er ansvarlig for at det blir kalla inn til møter, at det blir laga saksliste og at møtebok blir skriven.

- 3.14 Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal i Ungdommens fylkesutval. Ved stemmelikskap gjer møtestyraren si røyst utslaget. Det må vere minst fire medlemar/varamedlemar til stades for at Ungdommens fylkesutval kan fatte vedtak.

- 3.15 Kontrollkomiteen har tale- og forslagsrett på Ungdommens fylkesutval sine møte. Tale- og forslagsrett er avgrensa til komiteen sitt arbeidsområde.

#### **§ 4 Rusmiddel**

- 4.1 Alle møte og tilstellingar i Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere rusfrie under heile arrangementet/oppholdet.

#### **§ 5 Endring av vedtekter**

- 5.1 Fylkestinget i Hordaland har mynde til å endre vedtekten for Ungdommens Fylkesting og Ungdommens Fylkesutval. Vedtekten kan likevel berre endrast etter forslag frå Ungdommens Fylkesting. Forslag til vedtektsendring vert vedteke ved 2/3 fleirtal.